2.1.1. Skjema 1. Hovudskjema som skal fyllast ut for alle som er oppgavepliktige til den fullstendige teljinga

Dette skjemaet skal fyllast ut av alle som er oppgavepliktige til den fullstendige teljinga. Sjå pkt. 1.3.1., side 2.

På dei fleste skjemaene er namn, adresse mv. fylt ut på førehand. Sjå til at denne utfyllinga er korrekt og fullstendig. Dersom det blir oppdaga feil eller ufullstendig utfylling, må ein rette ved å stryke over det som er feil og dei korrekte opplysningane må skrivast over, men i same feltet.

For dei einingane skjemaet ikkje er fylt ut på førehand, skal det nyttast blankt skjema. Alle felte i avsnittet for identifikasjon skal fyllast ut på same måten som på eit førehandsutfylt skjema. Ein må vere nøye med at fødselsnummer, produsentnummer og gards- og bruksnummer blir skrivne korrekt. Dersom eigedom/bruk er eigd/brukt i fellesskap av fleire familiemedlemmer, skal skjemaet fyllast ut i namnet til den som har hovudansvaret for drifta. Det er berre hovudbølet sitt namn og gards- og bruksnummer som skal givast opp. Med hovudbølet meiner ein den eigedomsteigen der oppgavegivararen bur og/eller der dei viktigaste bygningane er plasserte.

A. GENERELLE OPPLYSNINGAR

Post 001. Gjeld eigar-/brukarsituasjonen til oppgavegivararen på teljingsdagen jamført med dei minstemåla for oppgaveplikt som er gitt i 1.3.1., punkta 1—15, side 2.

Eigar er den som eig teljingsobjekt av eit minst så stort omfang som oppgitt i minst eitt av punkta 1—15. Som eigarar reknar ein alle som har tinglyst skjøte på eigedomen sin og alle dødsbu (sjå definisjon under post 002 nedanfor) og alle som har kjøpt eigedom på tvangsauksjon stadfesta av namsretten, sjølv om kjøparen ennå ikkje har fått tinglyst skjøte i sitt namn.

Brukar er den som bruker/driv teljingsobjekt av eit slikt omfang som oppgitt i minst eitt av punkta 1—15.

1. Under punkt 1 skal dei krysse av som er oppgåvepliktige som eigarar, men ikkje som brukarar.
2. Under punkt 2 skal dei krysse av som bruker same teljingsobjekta som dei eig (verken leiger eller leiger bort areal mv.). Det skal ikkje takast omsyn til om noko av eigedomen er ute av drift.
3. Under punkt 3 skal dei krysse av som bruker meir eller mindre enn det dei eig. Slike må anten leige eller leige bort areal, dyr eller liknande.
4. Under punkt 4 skal brukarar som ikkje er eigarar etter definisjonen gitt på s. 3, krysse av.

Post 002. Ein set kryss i ruta for den eigargruppa eigedomen høyrer til.

01. Enkeltperson. Forutan eigedomar som enkeltpersonar eig, omfattar denne gruppa også eigedomar som er eigd i fellesskap av medlemmer av same familie, dersom eigarfellesskapet ikkje er registrert som aksjeselskap. Som familiemedlemmer reknar ein i denne samanhangen slektningar i rett opp- og nedstigande linje og sysken. Ver merksam på at den som har teke over eigedom etter at tidlegare innehavar av skjøtet er død og det enno ikkje er tinglyst nytt skjøte på eigedomen, skal krysse av for eigarkategorien dødsbu (02).

02. Dødsbu. Gjeld alle eigedomar der det ikkje er tinglyst nytt skjøte etter at tidlegare innehavar av skjøtet er død. Ver merksam på at dødsbu i denne samanhangen også omfattar brukar som er einearving, når denne enno ikkje har fått tinglyst skjøte i sitt namn.

For einearvingar skal ein i skjemahovudet ikkje nytte namnet til dødsbuet, men namnet til vedkomande einearving.

03. Sameige, husbruksskog og sams skog. Sameige er areal som høyrer til to eller fleire eigedomar i fellesskap. Sameiger er ikkje særskilt skyldsette, men skylda er fordelt på dei eigedomane sameiget ligg til. Dei enkelte eigedomane sin ideelle part av sameiget skal ikkje takast med i arealoppgåvene som blir gitt for dei enkelte eigedomane. Dersom sameiget ikkje har eit eige namn, skal det skrivast «Sameige» i feltet for «Oppgåvegivarens namn». Andre former for felleseige av areal eller dyr skal såleis ikkje reknast som sameige etter denne definisjonen, men skal først under eigarkategorien enkeltperson, dersom eigarane er i familie med kvarandre (sjå 01), som dødsbu (02) eller som interessentskap, partslag (04) eller aksjeselskap (06). Er arealet delt mellom dei enkelte eigedomane slik at desse eig kvar sine særskilde teigar, reknar ein ikkje arealet som sameige sjølv om enkelte rettar, som t.d. beiterett i skog, framleis er sams. Husbruksskogar er oppretta i samsvar med lov om husbruksskogar av 9. juni 1939. Sams skog er oppretta i samsvar med jordlova av 18. mars 1955.

04. Interessentskap, partslag. Omfattar eigedomar som to eller fleire eig saman, utan at eigedomen er aksjeselskap, sameige, husbruksskog eller liknande. Eigedomar som medlemmer frå same familie eig i fellesskap skal ikkje reknast som interessentskap, men som enkeltperson (01). Fellesbeite som vert disponert av utabygdsbuande, vert til vanleg rekna som andelslag.

05. Institusjon, stiftelse o.l. I denne gruppa skal ein ta med eigedomar som høyrer til legat, fond, lag med sosiale, humanitære og andre allmenntyttige føremål, treplantingsselskap mv.

06. Aksjeselskap. Hit høyrer eigedomar som er registrerte som aksjeselskap og eigedomar som aksjeselskap eig.

07. Kommune. Her skal først eigedomar som høyrer til herads-, by- og fylkeskommunar og kommunale og fylkeskommunale skolar, pleieheimar o.l.

08. Bygdeallmenning. Til denne gruppa høyrer bygdeallmenningar og statsallmenningar som blir brukte som bygdeallmenningar.

09. Statsallmenning. Hit høyrer alle statsallmenningar så nær som dei som blir brukte som bygdeallmenningar.

10. Staten. Her skal først eigedomar som staten eller statsinstitusjonar eig og som ikkje er allmenningar eller eigedomar under Opplysningsvesenets Fond. Eigedomar som staten har kjøpt etter konsepsjonslova med tanke på rasjonalisering og som ikkje er selde vidare den 20. juni 1979, skal først her.

11. Opplysningsvesenets Fond. Hit høyrer oppgåvepliktige prestegardar som Kyrkje- og undervisningsdepartementet forvaltar, og dei av statens skogar som Opplysningsvesenets Fond eig.

Post 003. For eigarar med skjøte skal ein gi opp det året oppgåvegivaren (eventuelt ektemaken) fekk tinglyst skjøte på hovudbølet.

For dødsbu skal først det året da den tidlegare skjøteinnehavaren døydde.

For eigedom som er kjøpt på tvangsauksjon skal det året namsretten stadfesta auksjonsforretninga givast opp.

Post 004. Ta også med eventuell forpakingstid.

Post 005. Gjeld eigarens og ektemakens familie. Som familie reknar ein her slekt i rett opp- og nedstigande linje og sysken, barn av sysken, onklar og tanter.

Post 007. Med overdraging meiner ein her sal av eigedom med tanke på at den framleis skal drivast som landbrukseigedom.

Post 008. Kva ein meiner med familie, går fram av post 005.

Post 009. Dersom dette har skjedd i fleire etappar, skal ein gi opp årstalet da areal sist blei teke ut av drift eller leigd bort.

Post 012. Dersom det er fleire årsaker, skal ein krysse av for den viktigaste.

Post 013. Dersom slik eigedom er så stor at den fyller minstekrava for oppgaveplikt på skjema 1, skal det kryssast av for ja.

**B. AREAL MV. SOM OPPGAVEGIVAREN EIG
(BORTFESTA AREAL SKAL IKKJE
REKNAST MED)**

Merk at alle bortleigde areal skal reknast med, men ikkje slike som er bortfesta. Festa (bygsla) areal som følgjer eigedomen ved sal skal takast med. Eig oppgavegivaren del i felles beiteareal (som ikkje er sameige), skal denne delen takast med i arealfordelinga.

Dersom ein ikkje har sikre arealoppgåver, skal arealtala givast etter beste skjønn.

Vassareal skal ikkje takast med.

Post 015—019. Jordbruksareal omfattar fulldyrka jord og overflatedyrka jord som er i drift, eller som utan nybrottsliknande arbeid kan takast i bruk igjen som jordbruksareal. Natureng som blir hausta ved slått eller kulturbeite, blir også rekna som jordbruksareal. Definisjon av kulturbeite står i rettleiinga, post 272—273. Plen, prydhage og anna hageareal er jordbruksareal, likeeins brukets del av eventuelle felles jordbruksareal som ikkje er sameige.

Jordbruksarealet blir gitt i postane 015 og 016 etter plasseringa under og over grensa for produktiv skog. Dette er ei tenkt grense der skogens produksjonsevne ligg på 0,1 m³ pr. dekar og år, sjå definisjon for produktiv skog under post 020—021.

Eige jordbruksareal i drift med tillegg av eventuelt leigd jordbruksareal i drift, skal spesifiserast i avsnitt N.

Post 020—021. Som produktiv skogareal skal reknast skogmark som i gjennomsnitt for ein normal omløpsperiode kan produsere minst 0,1 m³ trevirke pr. dekar og år, når det er tilvaks med eit treslag som passar for veksetilhøva på staden. Ver merksam på at det er *markas produksjonsevne* som skal leggjast til grunn, utan omsyn til noverande produksjon og sjansane for å ta ut virke i dag. Om marka mellombels er utan trevegetasjon eller vegetasjonen er så gamal at produksjonsevna ikkje blir utnytta, spelar inga rolle for vurderinga. Skogreisingsmark som på teljingstidspunktet er tilplanta eller tilsådd, skal reknast som produktiv skog. Det same gjeld myrareal som er grøfta, eventuelt gjødsla, med tanke på skogproduksjon, og som ein reknar med kan produsere minst 0,1 m³ trevirke pr. dekar og år. Som produktiv skogareal reknar ein også hagemarksareal som vesentleg blir brukt til skogproduksjon. Likeeins tidlegare innmark- og beiteareal som anten er tilplanta eller igjengrodd, når ein må vente at denne vegetasjonen skal danne grunnlag for framtidig skogproduksjon.

Grensa for produktiv skog ligg i forskjellig høgd over havet i ulike landsdelar. Generelt kan ein seie at denne grensa, målt i høgd over havet, er bestemt av følgjande tilhøve:

Breiddegraden — grensa for produktiv skog blir lågare mot nord.

Avstanden frå havet — grensa for produktiv skog stiger med aukande avstand frå kysten.

Topografien — i jamt stigande terreng går grensa for produktiv skog relativt høgt, medan ein enkel topp kan vere snau sjølv om toppen ikkje ligg særleg høgt.

Lokalklima — som kan vere lite gunstig pga. hellingretning, kaldluft frå brear, menneskelege inngrep e.l.

Når det blir gitt oppgåver for areal tilvaks med skog som har ein produksjonsevne mindre enn 0,1 m³ pr. dekar og år, og arealet ligg over grensa for produktiv skog, skal arealet først under post 025.

Tidlegare produktiv skogmark som no er nytta til vegar, kraftgater mv. skal ikkje reknast med i skogarealet, men først under post 023 eller 024.

Skogareal der minst halvdel av kubikkmassen er bartre, skal reknast som barskog. Er over halvdel av kubikkmassen lauvtre, skal arealet reknast som lauvskog. Foryngingsflater skal reknast som barskog eller lauvskog etter det treslag ein reknar med vil bli viktigast i framtida.

Post 022. Ver merksam på at det berre er slike areal på *innmark* som skal givast opp. Fast anlagde vegar, tunareal som ikkje er hage, opplagsplassar for stein og avfall, opne grøfter og kanalar, og massetak for grus mv., er døme på areal som skal takast med. Areal på innmark som blir nytta til næringsverksemd utanom tradisjonelt jordbruk, slik som fast anlagde campingplassar og areal til utleiehytter skal også takast med.

Post 023. Med anna fastmark under grensa for produktiv skog, meiner ein alt areal som ligg under grensa for produktiv skog og som ikkje er jordbruksareal, produktiv skog, myr eller areal ført under post 022. Areal som skal først her kan t.d. vere tidlegare jordbruksareal som er ute av drift, og som ikkje lenger fyller krava til jordbruksareal, areal som er avskoga med tanke på nydyrking, bekkeskråningar e.l. inntil jordbruksareal, ikkje kultivert skogreisingsmark, bart fjell, ur og elles fastmarksareal med så lita produksjonsevne at det ikkje kan nyttast til oppdyrking eller skogreisning.

Post 024. Her skal ein føre myr som ikkje er jordbruksareal, produktiv skogareal eller nedbygd areal.

Post 025. Areal tilvaks med skog over grensa for produktiv skog er areal med svak produksjonsevne (mindre enn 0,1 m³ pr. dekar og år), men der trea likevel veks så tett at dei får karakter av skog. Dei enkelte trea må ha stammeform og kunne vekse til ei høgd på minst 5 m.

Post 026. Vassareal skal ikkje vere med, men elles alt areal over grensa for produktiv skog som ikkje er teke med i postane 016 og 025.

Post 027. Her skal ein føre summen av post 017 + postane 020—026.

Post 028—030. Vurderinga av kva som er skikka til fulldyrking skal gjerast ut frå tekniske og biologiske kriterium slik som jordlagets djupn og kvalitet, høgd over havet, terrenghelling osv. (tilsvarende kriterium som blir lagt til grunn for økonomisk kartverk). *Om eigaren ser det formålstenleg eller ikkje å dyrke opp arealet, skal ikkje tilleggjast vekt.*

Post 031. Her skal ein føre alt areal som er skikka til skogreising utanom areal som også er skikka til fulldyrking.

Post 032. Med vanleg seterdrift meiner ein mjølking av husdyr (ku eller geit) på setra. Det skal svarast ja på spørsmålet jamvel om det er andre enn eigaren som nyttar setra.

C. AREAL FRADELT ELLER OMDISPONERT PÅ EIGEDOMEN I TIDSRUMMET 21/6-69—20/6-79

Ver merksam på at oppgåvene skal omfatte ein 10-årsperiode. Dette gjeld jamvel om det har vore eigarskifte i perioden.

For frådelt areal (postane 033—038) er det tidspunktet for overføring av eigedomsretten eller oppretting av festekontrakten som skal leggjast til grunn.

Dersom internt omdisponerte areal (postane 039—049) er omdisponerte fleire gonger, er det siste omdisponering som skal leggjast til grunn.

Post 033—035. Her skal ein føre areal som i perioden 21. juni 1969—20. juni 1979 er selt eller festa bort til bustadtomter, vegar, idrettsanlegg, flyplassar, leikeplassar, fabrikkannlegg, kyrkjegardar o.l. Både areal som er avstått frivillig og areal som er avstått etter offentleg inngrep skal vere med.

Post 036—038. Her skal ein føre areal som i tidsrommet 21. juni 1969—20. juni 1979 er selt eller bortfesta til landbruksføremål. Både sal av tilleggsjord/skog og utskiljing av heilt nye brukseiningar skal vere med. Dersom t.d. eit bruk ved arv er delt mellom to sysken, skal den som har fått tildelt hovudbølet føre den andre delen som frådelt sin eigedom.

Post 039—042. Med fulldyrka jord meiner ein her jord som er oppbrotten eller pløgd til vanleg plogdjupn og rydda med tanke på jordbruks- eller hagebruksproduksjon.

Alt areal som er fulldyrka i perioden skal takast med, både det som ligg under grensa for produktiv skog og det som ligg over denne grensa. Dersom det ved bakkeplanering er vunne inn nytt areal, skal dette vere med.

Post 044. Her skal ein føre areal som i 1969 blei drive som jordbruksareal, men som i 1979 er nytta eller avsett til skogproduksjon. Arealen kan vere tilplanta eller tilsådd, gjort i stand med tanke på tilplanting eller tilsåing, eller overlata til seg sjølv med tanke på å la det gro til med skog. I sistnemnde tilfelle må vilkåra for tilgroing med produktiv skog vere til stades. I motsett fall skal arealet reknast som unytta, og førast under post 049.

Post 045—046. Her skal ein føre areal som i 1969 ikkje var jordbruksareal eller produktivt skogareal, men som seinare er tilplanta eller tilsådd eller gjort i stand for tilplanting/tilsåing med tanke på skogproduksjon.

Post 047—048. Her skal ein føre produktive skogareal der det alt er utført eller aktivt er teke sikte på nemnde treslagskifte ved hjelp av tilplanting eller tilsåing.

Post 049. Jordbruksareal som er teke ut av jordbruksdrift etter 20/6 1969 kan vere disponert på ymse måtar. Følgjande alternativ er aktuelle ved utfyllinga av skjemaet:

1. Arealen kan vere selt eller festa bort til tomter, vegar mv. Dette arealet skal vere ført under post 033.
2. Arealen kan vere selt eller festa bort for å opprette eller utvide andre bruk. Dette arealet skal vere ført under post 036.
3. Arealen kan vere nytta til fulldyrking. Dette arealet skal vere ført under post 039.
4. Arealen kan vere nytta til skogreising. Dette arealet skal vere ført under post 044.
5. Areal som ikkje skal førast under dei fire postane som er nemnde framanfor, skal førast under post 049.

Areal som er ført under post 049, skal også vere teke med i arealoppgåvene på side 1 i postane 015—027, alt etter karakteren til arealet på teljingstidspunktet. Ein vil ofte måtte leggje skjønn til grunn for å avgjere om arealet på teljingsdatoen er jordbruksareal ute av drift, produktiv skog, myr, areal tilvaks med skog over grensa for produktiv skog osv.

D. AREAL PÅ EIGEDOMEN SOM OPPGAVEGIVAREN REKNAR MED VIL BLI OMDISPONERT DEI FØRSTE 5 ÅRA

Post 050—059. Her skal førast areal som høyrer til oppgavegivaren, og som han trur det er sannsynleg vil bli omdisponert frå noverande bruk til slik bruk som er nemnd, i løpet av dei første 5 åra. Det er altså eigaren si vurdering som skal leggjast til grunn for svara. Dersom eigaren t.d. reknar med å fulldyrke noko av sitt produktive skogareal i løpet av dei første 5 åra, skal arealet førast under post 051.

E. DRIFTSFORHOLD PÅ EIGEN EIGEDOM

Post 060. Ver merksam på at det er teigblanding med andre eigedomar det er snakk om. For at det skal vere ein særskild teig, må teigen derfor vere heilt omringa av andre sin eigedom. Del av fellesbeiteareal eller anna delt bruk av areal skal ikkje reknast som teigblanding. Det blir sett på som teigblanding dersom det oppgavepliktige arealet består av fleire skilde eigedomar. Det blir også sett på som teigblanding når ein har jordbruksareal på setra/i fjellet og dette ligg skilt frå areal nede i bygda. Dersom offentleg veg eller jernbane deler ein eigedom i fleire delar, skal det ikkje reknast som teigblanding i denne samanhengen.

Post 061. Ver også merksam på at eigedomens hovudteig (hovudbølet) skal vere med i talet på teigar, dersom eigedomen ligg i teigblanding.

Post 062. Må svarast på etter skjønn. Det skal svarast ja dersom ulempene er så store at oppgåvegivaren meiner at noko bør gjerast for å betre tilhøva, t.d. gjennom jordskifte eller felles tiltak med naboar (vegbygging osv.).

Post 064—066. Sjå kva som er sagt under postane 060—062 for jordbruksareal i teigblanding.

F. OPPGÅVEEININGA SOM LEVEVEG (NETTOINNTEKTSKILDE)

Skal berre fyllast ut for personlege oppgåvegivarar.

Som inntekt frå oppgåveeininga skal også reknast inntekt frå grunneigarbetinga fiske (også grunneigarbetinga fiske etter laks og sjøaure innafør grunnlina på eigen eigedom), frå jakt på eigen eigedom, frå hytter og hyttetomter, frå campingplassar mv. Forpaktningssavgift og andre leigeinntekter ved bortleige av jord og/eller bygningar skal også reknast som inntekter frå oppgåveeininga. Kår, pensjon og ytingar frå folketrygda er inntekt utanom oppgåveeininga. Merk! Barnetrygd skal ikkje reknast som inntekt når ein svarer på desse spørsmåla.

Post 068. Her skal kryssast av for kor stor del av nettoinntekta til oppgåvegivar og eventuell ektemake som er venta å kome frå oppgåveeininga i teljingsåret. For oppgåvegivarar som har teke over i teljingsåret, skal givast opp den del av nettoinntekta som oppgåvegivaren kunne vente ville ha kome frå oppgåveeininga i 1979, dersom han dreiv den heile dette året. For oppgåvegivarar som reknar med å overdra eigedom i teljingsåret, skal ein gi opp den del av nettoinntekta som oppgåvegivaren kunne vente ville ha kome frå oppgåveeininga i 1979, dersom han dreiv den heile dette året.

Post 069. Kjem ein like stor del frå kvar næringsgruppe, er det uviktig i kven av dei to rubrikane ein set kryss.

Post 070—077. Her skal kryssast av kva næring oppgåvegivaren og/eller ektemaken arbeider i utanom oppgåveeininga. Ver merksam på at det er næring og ikkje yrke det blir spurt etter. Er t.d. ein sjåfør tilsett i ei varehandelsverksemd for å levere firmaet sine varer til kundane, arbeider han i varehandel og ikkje i transport. Derimot skal vedkommande grupperast under transport dersom han til nemnde levering bruker eigen bil, eller er tilsett i eit transportfirma. Snørydding for andre med egne maskinar skal først under post 075.

Ver merksam på at postane 070—071 ikkje omfattar inntekter frå oppgåveeininga.

G. ARBEIDSKRAFT

Fordelinga av arbeidsinnsatsen skal givast i heile prosent og slik at summen blir 100.

Post 078—079. Gjeld alt arbeid i eige hushald. Lønt arbeid i andre sitt hushald skal først som arbeid utanom oppgåveeininga.

Post 080—083. Gjeld oppgåveeininga.

Post 084—085. Gjeld alt arbeid utanom oppgåveeininga. Ver også merksam på at oppgåvegivaren og ektemaken sitt arbeid i eige eller leigd jordbruk og skogbruk i anna kommune skal først her.

H. OPPGÅVEGIVARENS KJØNN OG SIVIL- STAND

Post 087. Skal berre fyllast ut for personlege oppgåvegivarar.

I. FAGUTDANNING

Fagutdanning skal berre givast opp for personar som har kurs innanfor same fagområde (skoleslag) som har vart minst 5 månader. Praktiske lærlingekurs skal ikkje reknast med, sjølv om dei har vart så lenge. Derimot skal breviskolekurs som svarer til minst 5 månaders fagskole reknast med. «Anna fagleg utdanning» omfattar utdanning både på yrkesskolenivå og høgare utdanning medrekna akademisk utdanning. Oppgåvegivarar som er eigarar, men ikkje brukarar, skal ikkje fylle ut kolonne 3.

J. INVESTERINGAR (BRUTTO) I 1978

Det er investeringar (brutto) i 1978 som skal givast opp. Beløpa skal rundast av til næraste heile tusen kroner.

Post 091. Ver merksam på at investeringar til bustader for tilsette skal først saman med investeringar til driftsbygningar. Vedlikehald reknast ikkje med.

Post 093. Omfattar investeringar til reiskapshus, skogshusvære, bustader for tilsette i skogen mv. Vedlikehald reknast ikkje med.

Post 095. Her skal først investeringar til bygging av utleiehytter, kioskar og andre bygg for turistføremål på eigedomen.

Ver merksam på at i postane 091—095 skal ikkje verdien av eige arbeid vere med, heller ikkje verdien av virke frå eigen skog. Det skal ikkje gjerast frådrag på grunn av eventuelle tilskott som er tilstått i samband med bygginga.

Post 096—098. Skal givast opp utan meirverdiavgift og investeringsavgift. Berre gjenstandar som medrekna investeringsavgift hadde ein innkjøpspris på kr 4 000,- eller meir skal reknast med (dvs. ein netto stykkpris utan investeringsavgift på meir enn kr 3 540,-). Det skal ikkje gjerast frådrag for verdien av maskinar mv. som er bytta inn eller selde på anna vis.

K. HYTTTER, JAKT, FANGST OG FISKE

Oppgåvene i postane 099—107 skal alltid givast av/for eigaren. For postane 108—115 skal også oppgåva givast av/for eigaren, om ikkje andre oppgåvepliktige har bruksrett til eigedomen der også retten til jakt og fiske er med. I slike tilfelle skal oppgåva givast av den som har bruksretten. Oppgåve over økonomisk verdi av hytteutleige, jakt, fangst og fiske skal givast av/for alle oppgåvepliktige som har hatt økonomiske føremoner av slik verksemd.

Post 099—100. Seterbuer o.l. skal takast med dersom dei er gjort i stand med tanke på å kunne brukast som hytte. Hytter som hovudsakleg blir disponert for eige bruk, skal først i post 099. Hytter som hovudsakleg blir brukt til utleige, skal først i post 100.

Post 101. Campinghytter er små, enkle hytter som gjerne blir sette opp i grupper i samband med campingplassar, hotell etc.

Post 102. Her skal takast med hyttetomter som oppgåvegivaren tek imot festeavgift for.

Post 103. Her skal givast opp kor mange hytteomter som er skilde ut og selt i siste 10-årsperioden. Oppgåvene gjeld for 10 år jamvel om det har vore eigarskifte i perioden.

Post 104—105. Med grunneigarlag meiner ein her lag som er danna av fleire grunneigarar som har overført jaktrettane sine til laget. Laget sitt føremål er kulturtiltak, ordning og nytting av desse ressursane på medlemmane sine areal.

Post 106. Her meiner ein tilsvarende tiltak for ferskvassfiske som er nemnt for jakt under postane 104 og 105.

Post 107. Her meiner ein grunneigarlag som er skipa med tanke på å legge ut hytteområde med areal frå fleire eigedomar.

Post 108—111. Her skal kryssast «ja» jamvel om jakta eller fisket var tilfeldig og av liten verdi.

Post 112—115. Dersom jakt og/eller fiske blei utøvd både av «eigaren og familien» og av «andre», skal det kryssast i begge kolonnene.

Post 116. Ver merksam på at det er samla bruttoverdi, medrekna verdien av fisk og kjøt til eige bruk utan frådrag av utgifter og avskrivningar, som skal givast opp. Det skal ikkje takast omsyn til om oppgåvegivaren er skattelikna eller ikkje for verdien. Verdien av kjøt og fisk til eige bruk skal settast lik rimeleg salsverdi.

L. LAGER FOR MOTORBRENSSEL. VASS-FORSYNING

Post 117—118. Gjeld det som oppgåvegivaren disponerer over. Berre tankar som kvar for seg rommer minst 500 liter skal givast opp. Ta med så vel depottankar som tankar som er i dagleg bruk. Bensinfat o.l. som det blir lagra motorbrensel i, skal ikkje takast med.

Post 119. Det skal kryssast for alle dei måtane vassforsyninga er ordna på.

Post 120. Her meiner ein om det er nok vatn til hushaldsbruk, husdyr og veksthus. Dersom vassforsyninga er den avgrensande faktor for storleiken på husdyrhaldet, har ikkje oppgaveeininga nok vatn. Dersom oppgaveeininga er samansett av fleire eigedomar, og det er for lite vatn på ein av eigedomane, skal ein krysse for nei.

M. TREKKRAFT OG MASKINAR

Maskinar som ikkje vil bli brukt meir, skal ikkje takast med. Derimot skal ein telje maskinar som ikkje er i bruk til vanleg, men som står i reserve og blir nytta når det er nødvendig.

Partar skal først opp med 1/2, 1/3 osv. Er det mange eigarar (t.d. maskinlag) og det er ein av desse som tek vare på maskinane og har tilsynet med dei, skal maskinane først på hans skjema. Maskinar som er leigde bort, skal teljast hos den som leiger maskinane, ikkje hos eigaren. For traktorar og andre maskinar som fleire eig saman, skal kvar deleigar gi opp sin del av brukstida.

Post 121—122. Her skal først talet på 2-hjulstraktorar og talet på 4-hjulstraktorar som oppgåvegivaren disponerer.

Post 123. Transportar er ein lågbygd, 4-hjulsdriven traktor som er spesialbygd for bratt lende.

Post 123—147. Det skal fyllast ut ei linje for kvar 4-hjulstraktor med 2-hjulsdrift som oppgåvegivaren disponerer åleine eller saman med andre. Traktorens motorstyrke kan frå leverandøren si side vere gitt opp i hk DIN eller hk SAE. I skjemaet skal motorstyrken givast i hk DIN. Dersom motorstyrken er gitt i hk SAE, skal den reknast om til hk DIN ved at ein reduserer talet på gitte hk med 10 prosent. Rund av til heile hk. I dei tre siste kolonnene skal brukstida fordelast på næringane jordbruk (med hagebruk), skogbruk (med andre utmarksnæringar) og næringar utanom landbruk. Ver merksam på at oppgåvene for jordbruk og skogbruk ikkje er avgrensa til eige bruk, men omfattar også køyring for andre. Brukstida skal givast i klokketimar, ikkje i timar registrerte på traktorens time-teljar. Det kan ofte vere stort avvik mellom timetal som er registrert på timeteljaren og den faktiske brukstida.

Har oppgåvegivaren meir enn 4 slike traktorar, skal det givast spesifikasjon for dei 4 viktigaste.

Post 148—165. Her skal det fyllast ut ei linje for kvar 4-hjulstraktor med 4-hjulsdrift. Retningslinjene for utfyllinga er dei same her som for postane 124—147.

Post 172—175. Omfattar både graveskuffemaskinar og andre grøftemaskinar.

Post 183—185. Lastebilar og varebilar som vesentleg blir nytta til inntektsgivande køyring utanom drifta av oppgåveeininga, skal ikkje teljast.

Post 186. Alle personbilar som oppgåvegivaren og eventuell ektemake eig, skal teljast. Barns bilar skal ikkje takast med.

Post 187—189. Plogane skal først etter kor mange skjer som vert nytta samtidig.

Post 190. Gjødseharver skal først som radsåmaskin, post 199, dersom dei blir brukt til spreieing av gjødsel.

Post 191. Her skal først skålharver, spaknivharver, rotorharver, fresarar og andre liknande harver med eller utan drift på valsane.

Post 193. Her skal først spreiarar med lukka tank for spreieing av uttynna fast naturgjødsel, og tankspreiarar for land (landkasse).

Post 194. Gjødselpumper blir nytta til å transportere blautgjødsel (uttynna naturgjødsel) frå lagerplass til spreieingsvogn.

Post 196. Gulleanlegg består av pumpeeining og ledningsnett med spreiar(ar) for spreieing av uttynna fast og flytande husdyrgjødsel direkte på jordet.

Post 197. Her skal først sentrifugalspreiarar, tallerkenspreiarar og andre spreiarar for breisåing av handelsgjødsel.

Post 202. Samleopptakarar er maskinar som hauptar poteter og samlar dei på opptakaren eller på tilhengjar. Blottleggingsmaskinar legg potetene på marka klare for seinare plukking med hand.

Potetplogar skal ikkje reknast som potetopptakarar.

Post 204. Motorslåmaskin er sjølvgåande slåmaskin til bruk i bratt terreng.

Post 208. Gjeld mobile lågtrykks- og høgtrykkspresser. Stasjonære manuelle presser skal ikkje takast med.

Post 215—216. Omfattar kraner monterte på 4-hjuls jordbrukstraktor eller på traktorens tilhengjar.

Post 217—218. Omfattar berre tilhengjarar for transport av skogsvirke. Vanlege tilhengjarar med plan skal takast med i postane 176—177.

Post 219—230. Gjeld rammestyrt skogstraktorar for transport av virke fram til velteplass eller leveringsstad. Postane 219—224 gjeld maskinar som blir nytta til lunning ved sleping av heile stammer. Slike maskinar er vanlegvis utstyrte med vinsj, eller med kran og klembanke. Postane 225—230 gjeld lastberande maskinar som er utstyrte med gripeklo. Desse maskinane har utstyr for å samle og lesse opp, transportere og lesse av kappa tømmer.

Post 231—232. Til «spesialmaskinar» reknar ein fellemaskinar, felle-kvist-kappemaskinar, felle-lunnemaskinar, kviste-kappemaskinar og reine kvistemaskinar.

Post 233—234. Her skal først taubaner og kabelkranar med ein- og totromla vinsj. Utstyr for slepebanedrift skal ikkje vere med.

N. JORDBRUKSAREAL I DRIFT OG BRUKEN AV DET I 1979

Ver merksam på at eventuell leigd jord og bruket sin del av eventuelle felles jordbruksareal (fellesbeite mv. som er fulldyrka eller overflatedyrka) og som ligg i kommunen, skal vere med i arealfordelinga. Seterløkker som blir hausta skal takast med. Areala av desse skal først under dei kulturane dei blir nytta til.

Post 248. Ver merksam på at veksthus og -benkar brukt i planteskoledrift ikkje skal vere med her, men skal takast med under post 265.

Post 251—252. Kveite og rug gjeld både vår- og haustsød som skal haustast i 1979. Areal som det skal såast haustsød på i 1979, skal givast opp under brakk (post 267) dersom arealet ikkje gir avling i 1979.

Post 255. Erter til mogning og åkerbønner skal også først her.

Post 256. Vesentleg raps og rybs sådd med tanke på at ein skal hauste moge frø.

Post 257—260. Ver merksam på at siloslått på vanleg eng ikkje skal takast med her, men først under postane 270—271. Raigras skal først som eittårig, jamvel om det blir hausta i to år. Attlegg med grønfôr eller silovekstar som dekkvekst skal først under postane 257—260.

Post 262. Her skal først kålrot og nepe som er sådd med tanke på å nyttast til menneskemat.

Post 263. Silonepe skal også først her.

Post 265. Her skal takast med areal til nyttevekstar på åpen åker og i hage og som ikkje er teke med ovanfor, som t.d. areal til frukttre og bærbuskar. Dersom det i frukt- og bærhage er brukt mellomkulturar, må arealet delast slik at ikkje noko areal blir ført dobbelt. Dersom det t.d. mellom

frukttrea er gras-dekke som blir hausta ved vanleg slått, skal arealet delast etter skjønn mellom frukthage og eng til silo/høy.

Post 267. Her skal takast med areal av åpen åker der det ikkje blir teke avling i teljingsåret, men som er tenkt hausta neste år. I dei fleste tilfelle vil «brakk» omfatte areal som er tenkt tilsådd med haustkorn i teljingsåret. Denne posten skal også omfatte areal som blir brakka med tanke på å tyne ugras. Attlegg utan dekkvekst, som er tilsådd så seint at det ikkje blir nemnande avling i 1979, skal reknast som brakk. Også nydyrka areal som enno ikkje er tilsådd, åkerareal som nyleg har vore flaumskada osv. skal reknast som brakk. Areal som er teke ut av produksjon på uviss tid, skal ikkje først her, men skal takast med under post 019.

Areal som ligg brakk på teljingstidspunktet, men som ein har teke avling på i teljingsåret (tidlegpotet o.l.), skal først på vedkomande vekst. Areal som enno ikkje er tilsådd på grunn av sein vår o.l., men som ein reknar med vil gi avling i teljingsåret, skal først under denne veksten og ikkje som brakk.

Post 269. Her skal først eng som er tenkt hausta som frøeng i 1979.

Post 270—271. Fulldyrka jord er definert som jord i hevd som er pløgd eller oppbrotten til vanleg plogdjupn og som framleis skal pløgjast.

Eng til silo/høy er eng som blir hausta til høy og silofôr i teljingsåret. Gras brukt til grasmjøl og til oppføring som rått gras, skal også reknast med. Engarealet som blir beita og slått avgrensar seg til oppussing etter beitinga, skal reknast som kulturbeite. Areal som blir slått regulært ein gong, men elles nytta til vår- og/eller haustbeite, skal først som eng til silo/høy eller som kulturbeite etter kva som er det viktigaste. Areal tilsådd med engfrø utan dekkvekst våren 1979 skal først som eng dersom det vil gi nemnande avling i 1979. Elles skal slike areal først som brakk.

Post 272—273. Omfattar alt jordbruksareal som blir brukt til beite og som ikkje skal først under eng til silo/høy (sjå postane 270—271). Beitemark som er inngjerda og gjødsla skal reknast som kulturbeite, jamvel om den ikkje er fullstendig rydda. Har bruket del i felles kulturbeiteareal (sjå postane 408—409) tek ein med så stort areal som svarar til bruket sin del av fellesbeitet, dersom fellesbeitet ikkje er sameige som det blir gitt eiga oppgåve for.

Post 275. Her tek ein berre med leigd areal som er i drift i 1979. Merk at festa (bygsla) areal ikkje skal takast med som leigd (sjå avsnitt B s. 5).

Post 276. Her skal først areal ute av drift i 1976 som er teke i bruk igjen i 1977 eller seinare, utan omsyn til kor lang tid arealet hadde vore ute av drift før 1976.

Post 277—279. Ver merksam på at det er attlegg i 1978 som skal givast opp. Desse areala skal også vere tekne med i arealfordelinga for eng ovanfor.

O. FORPAKTING OG LEIGE AV JORDBRUKSAREAL

Her skal givast nærare spesifikasjonar for leige av jordbruksareal innan kommunen.

Post 282—289. Under «tal» skal først kor mange leigeforhold som starta for 0—2 år sidan, 2—5 år sidan osv. Under «dekar» skal først samla leigd areal knytta til leigeforhold som starta for 0—2 år sidan osv. Når leigeforholdet tok til, skal i denne samanheng reknast frå det tidspunkt det blei skipa, jamvel om det i mellomtida er fornya.

Post 292—299. Som kontraktbunden leige skal reknast forpaktningar og andre leigeforhold der skriftleg kontrakt er oppretta. Festa (bygsla) areal skal ikkje givast opp. Som tilfeldig leige skal reknast leige av jord der ingen skriftleg kontrakt er sett opp. All tilfeldig leige skal vere med utan omsyn til om det blir ytt betaling for den eller ikkje.

Kva som skal reknast som familie er forklart på side 4 under post 005. Det mest vanlege tilfelle av leigeforhold frå familie er i tida rundt eit generasjonsskifte.

Post 300. Leigeforholdet er tidsavgrensa dersom det i skriftleg kontrakt eller munnleg avtale er gitt kor mange år leigeforholdet skal vare. Leigeforhold som varer til det blir sagt opp av ein av partane skal ikkje reknast som tidsavgrensa.

Post 301. Det er den tidsperioden kontrakten lyder på som skal givast opp. Er kontrakten fornya, gjeld tidsperioden frå siste fornying.

Post 302. Det er samla leigeavgift i 1979 som skal givast opp.

P. TALET PÅ HUSDYR PR. 20. JUNI 1979

Oppgåvene skal gjelde pr. 20. juni 1979 jamvel om teljinga går føre seg seinare. Ein må ta med dyr som familiemedlemmer og andre som er knytta til oppgaveeininga eig, dersom dyra blir føra saman med dei andre dyra på garden. Ein må hugse å ta med dyr som er på beite teljingsdagen.

Dyr som er oppstalla hos andre (utan å vere bortleigde) skal teljast hos eigaren, ikkje der dei er oppstalla.

Post 303—308. Vaksne hestar omfattar også unghestar fødte i 1978 eller tidlegare.

Kaldblodshestar er hestar av dei norske rasane dølahest, fjordhest og nordlandshest (lyngshest).

Som varmblodshest skal givast opp alle hestar som ikkje er reine kaldblodshestar eller er av ponnirase.

Som ponnir reknar ein islandshest og hest av rasane New Forest, Welsh, Shetlandspenni og liknande utanlandske ponnirasar.

I post 308 skal givast opp kaldblodshestar (vaksne og føl) som hovudsakleg blir haldne for fritidsføremål. Hestar som blir brukt til travsport o.l. kjem med her. Fritidshestane skal først her jamvel om dei også i visse høve blir brukte som arbeidshestar.

Ver merksam på at hestar som er tekne med i post 308 også skal takast med i postane 303—304.

Post 309—310. Dersom det er nytta fleire hestar er det sum arbeids dagar for alle hestane som skal givast opp.

Post 323. Hangrisar under 3 månader skal først under post 328.

Post 324. Utrangerte purker som på teljingsdagen blir føra med tanke på slakt skal takast med under post 327.

Post 326. Her skal først hogrisar over 3 månader som er påsett til avl, men enno ikkje para.

Post 328. Her skal først grisar under 3 månader utan omsyn til om dei er påsett til avl eller ikkje.

Post 329. Oppgåva skal omfatte talet på grisar som oppgåvegivaren har føra fram til slakt i 1978.

Post 331. Her skal først kyllingar av kjøtrasar og utsorterte kyllingar av verperasar som skal først fram til slakt.

Post 332. Omfattar alle kyllingar påsett til høner, utan omsyn til rase.

Post 333—334. Omfattar alle dyr både av verperasar og kjøtrasar etter at dei har lagt sitt første egg.

Post 335. Oppgåva skal omfatte talet på kyllingar som oppgåvegivaren har føra fram til slakt i 1978.

Post 336—338. Vaksne dyr er dyr fødte i 1978 eller tidlegare.

Post 340. Kubar som er i bruk.

Post 341. Gjeld alle hunderasar.

Q. *TALET PÅ FRUKTTRE OG BÆRBUSKAR*

Ein skal ta med dei trea og buskane som oppgåvegivaren disponerer over og skal ta avlinga frå, utan omsyn til om dei står på eige eller leigd areal. Alle tre og buskar som er planta der dei skal bli ståande skal takast med, utan omsyn til om dei er i beredyktig alder eller ikkje.

Post 343—344. Kva sortar som skal reknast som sommareple finn ein av sortlista for frukt på siste sida i rettleiinga.

R. *DRIFTSBYGNINGAR*

Alle bygningar som er i bruk som driftsbygningar, eller er i slik stand at dei kan takast i bruk att som driftsbygningar, skal takast med bortsett frå pelsdyrskur og veksthus (drivhus). Våningshus er ikkje driftsbygning. Heller ikkje bustader for tilsette, skogshusvære og husvære for seterdrift. Sjøbuer, sagbruk o. l. skal ikkje vere med. Stabbur skal reknast som driftsbygning dersom det hovudsakleg blir nytta som lager i samband med gardsdrifta. Reiskapshus og garasjar for maskinar og bilar skal vere med.

Både driftsbygningar på tunet og driftsbygningar plasserte utanom tunet (utløer, driftsbygning på setra mv.) skal vere med.

For kvar bygning skal ein gi opp byggeår, grunnflate og når bygningen sist blei ombygd/utvida.

Er det meir enn 3 bygningar av same kategori, fører ein dei 2 som har størst grunnflate på 1. og 2. linje, og dei øvrige med berre samla grunnflate på 3. linje.

Legging av nytt tak eller nye golv og anna vedlikehaldsarbeid skal ikkje reknast som ombygging. Bygging av silo inne i bygningen eller i direkte kontakt med denne, skal reknast som ombygging/utviding.

Post 351—359. Her skal først låvebygningar med husdyrrom og andre bygningar som har husdyrrom og lagerrom for stråfôr (høy, silo) i same bygning eller som er bygd inntil einannan. Grunnflata til siloar bygd inntil ein driftsbygning skal reknast med i grunnflata.

Post 369—377. Her skal først bygning for kornbehandling, lagerbygning, reiskapshus, garasje, smie, verkstad, utløe mv.

Post 384. Mjølketank er tank med kjøleaggregat for lagring av mjølk før den blir henta av tankbil.

Post 387—388. Dersom bruket har fleire lagringsmåtar for gjødsel, skal det kryssast for kvar enkelt. Er bruket husdyrlaust skal det likevel settast kryss for gjødselkjellar/gjødselsilo eller gjødselhus dersom bruket har slike. Gjødselkjellar er vanlegvis bygd under husdyrrom, medan gjødselsilo og gjødselhus oftast er overbygd opplagsplass på terrengnivå.

Post 389. Dersom det er fleire gjødsellager på eigedomen, skal ein gi oppgåve for det gjødsellageret som må tømmast oftast.

Post 392—393. Horisontalsiloar blir også ofte kalla plansiloar.

Post 394. Det er det totale innvendige volumet til toppen av silokummen ein skal gi opp.

Rominnhald av firkantsiloar (kvadratiske) og runde høgsiloar av ymse dimensjonar:

Tverrmål (innv.) i m	2	2½	3	3½	4	4½	5
Rominnh. pr. 1 meter høgdi i ein <i>firkantsilo</i> er i m ³ ca.	4	6	9	12	16	20	25
Rominnh. pr. 1 meter høgdi i ein <i>rund silo</i> er i m ³ ca.	3	5	7	10	13	16	20

Rominnhald av horisontalsiloar får ein ved å multiplisere middel av grunnflate og toppflate med høgdi.

Post 396. Her meiner ein at silosafta blir oppsamla og fôra opp eller oppsamla og spreidd for infiltrasjon i jordsmonnet, anten etter kvart eller etter at den er lagra ei tid.

Post 398. Infiltrasjonsanlegg er eit nedgravd rørsystem som lét silosafta sive ut og bli infiltrert i jordsmonnet.

Post 401. Tørkeanlegg for høy er overbygde anlegg der vanleg friskluft eller oppvarma luft blir blåse gjennom høyet.

Post 402. Tørkeanlegg for korn er kaldluftstørke, eventuelt med tilsatsvarme, og varmluftstørke. Anlegg som har både kaldluftstørke og varmluftstørke skal førast som to enkeltanlegg. Runde tørke- og

luftesiloar som har sentralrør der det blir blåse inn eller soge ut kaldluft, skal førast som kaldluftstørke dersom siloen sin diameter er 2,5 m eller mindre. Større siloar skal førast som kaldluftstørke dersom dei har tilsatsvarme. Større siloar utan tilsatsvarme skal førast berre som lager (post 407).

Post 403—404. For kaldluftstørker skal kapasiteten i effektiv tørkeflate givast opp utan å ta med det arealet som hovudkanalen dekker. For runde tørke- og luftesiloar reknar ein tørkeflata lik ytterflata på siloen opp til den høgda den kan fyllast med korn.

Tørkeflater i m² for runde siloar av ymse dimensjonar:

Høgdi i m	Tverrmål i m						
	Siloar som er tørker utan tilsatsvarme		Siloar som må ha tilsatsvarme for å kunne førast som tørker				
	2	2,5	3	3,5	4	4,5	5
1	6	8	9	11	13	14	16
2	13	16	19	22	25	28	31
3	19	24	28	33	38	42	47
4	25	31	38	44	50	57	63
5	31	39	47	55	63	71	79

For varmluftstørker skal ein gi opp kapasiteten som ytinga til varmeaggregatet i kcal pr. time. Spesifikasjonen er vanlegvis gitt opp på aggregatet.

Dersom slike spesifikasjonar manglar, kan kapasiteten utreknast på grunnlag av oljeforbruket til aggregatet i liter pr. time (gjeld lette fyringsoljer):

liter/ time	2	4	6	8	10	12	14	16	18	20
kcal/ time	13 000	26 000	39 000	52 000	65 000	78 000	91 000	104 000	117 000	130 000

For varmluftstørker med elektrisk fyring og som har ytinga gitt opp i kilowatt (kW), skal kapasiteten reknast slik:

kW	20	40	60	80	100	120	140	160
kcal/ time	17 000	34 000	52 000	69 000	86 000	103 000	120 000	138 000

Post 405. Oppgåva skal givast i tonn tørt korn.

Post 406. Ta med så vel salskorn som korn for eige bruk (såkorn og førkorn), men berre korn av eigen avl.

Post 407. Ta berre med lagerplass som er innretta for lagring av korn.

S. FELLESEBEITE, SILOFÔR, HALM OG POTETER

Post 408—409. Med fellesbeite/fellesseter meiner ein felles beitetilak og felles stell av dyra i beitetida. Beitet kan ligge i låglandet eller i seterregionen og kan vere utmarksbeite eller kulturbeite. Medlemmene i fellestillaket eig kvar sine dyr, medan beiteområdet kan vere leigd.

Hvis ein del av fellesbeitet er jordbruksareal, skal bruket sin del av dette vere gitt opp under avsnitt N, postane 272 og/eller 273. Delen av fellesbeitet skal også vere gitt opp under avsnitt B, dersom beitet er eigd av andelshavarane.

Post 410—411. Her tek ein med ferdig silomasse utan omsyn til om silonedlegginga har skjedd i permanente eller provisoriske siloar.

Post 412. Gjeld både innkjøpt halm og halm av eigen avl.

Post 413. Tørrluta halm er tilsett ammoniakk utan bruk av vatn.

Post 416. Gjeld både innkjøpte poteter og poteter av eigen avl.

Post 417. Ein kubikkmeter poteter er 650 kg.

Post 418. Ein kubikkmeter ensilerte, kokte poteter svarer til 1 100 kg rå poteter.

T. GJØDSLING, KALKING, BAKKEPLANERING, GRØFTING, VATNING

Oppgåvene under postane 421—432 skal givast av/for brukaren eller eigaren, alt etter kven som har kosta på/skal koste på dei investeringane det gjeld. Teljaren må sjå til at slike oppgaver blir fullstendige og at dei ikkje blir gitt dobbelt.

Post 419—420. Her skal ein føre forbruket av reint kvæve (nitrogen, N) pr. dekar som gjennomsnitt for dei fulldyrka engareala i postane 270 og 272, og som gjennomsnitt for areala av korn til mogning i postane 251—256.

Følgjande oppstilling syner kvæveinnhald i kg pr. dekar for dei mest vanlege gjødselslag og -mengder:

Gjødselslag	kg gjødsel pr. dekar											
	20	30	40	50	60	70	80	90	100	110	120	
Fullgjødsel A	3	4	5	7	8	10	11	12	14	15	16	
» B	3	4	5	6	8	9	10	11	13	14	15	
» C	3	5	6	8	10	11	13	14	16	18	19	
» D	4	6	8	10	12	14	16	18	20	22	24	
» F	3	5	6	8	10	11	13	14	16	18	19	
» 25-3-6	5	8	10	13	15	18	20	23	25	28	30	
» 15-4-12	3	4	6	7	9	10	12	13	15	16	18	
Kalksalpeter	3	5	6	8	9	11	12	14	16	17	19	
Skogan	7	10	14	17	21	24	28	31	35	38	41	
Urea	9	14	18	23	28	32	37	41	46	51	55	

Post 423. Ta med alt jordbruksareal som var med i planeringsprosjektet. Eventuell nydyrking i samband med bakkeplaneringa, skal givast opp som nydyrking under postane 039—042.

Post 425. For areal som er grøfta systematisk skal heile arealet takast med. For spreidd grøfting reknar ein arealet som det er oppnådd tørrleggings-effekt på ved å multiplisere grøftelengda med tørrlagt breidde, vanlegvis 6—12 meter.

Post 427. Små anlegg for plenvatning skal ikkje takast med.

Post 429. I tilfelle tilknytning til fellesanlegg, skal ein gi opp berre den delen av kapasiteten som kan bli nytta på oppgæveininga. For nyare anlegg og vatningsmaskinar er kapasiteten gitt opp på pumpa. Kapasiteten kan elles utreknast etter talet på

dyser som vanlegvis blir nytta ut frå følgjande rettleiande tabell:

Dyseåpning i mm	Kapasitet i m ³ pr. t	Dyseåpning i mm	Kapasitet i m ³ pr. t
4,0	1,1	framh.	framh.
4,5	1,5	11,0	10,2
5,0	1,9	12,0	13,0
5,5	2,3	14,0	16,5
